

BUDSJETT 2020

Premissar - førebuing

SAMNANGER KYRKJESTYRE



INNHALD:

BUDSJETTRAMME

Ramme 2019 – meirkostnader 2020

VEDLIKEHALD OG INVESTERINGAR

Trong for vedlikehald og investeringar
Fast, større vedlikehaldspott
Lån til investeringar

ANDRE PREMISSAR FOR BUDSJETTET

Lønsutgifter

TENESTEYTING

Rekneskap, lønn, brøyting
Drift av gravplassen

GRAVPLASSEN

Endring i utgiftsføring
Tiltak på gravplassen – trong for utviding

Vedlegg 1: Omtale av vedlikehaldstiltak / investeringar

Vedlegg 2: Generelle premissar for budsjettarbeid i Samnanger kyrkjestyre - Lovforankring, todelt drifts-budsjett, budsjettgrunnlag, stillingar m.m.

BUDSJETTRAMME 2020

Løyving til kyrkja frå kommunen i 2019 var 2 650 000 kr. I tillegg kom 70 000 kr. i tenesteytingsverdi. Kyrkjestyret vil gjera merksam på at det ikkje ligg inne summar til store vedlikehaldsprosjekt i denne ramma. Dei ynskjer difor at ramma vert utvida med minst 200 000 kr., for å stetta dette behovet. Det vert også ei ekstra auke i lønsutgifter på 70 000 kr. i 2020. Til saman ei auke på 270 000 kr. til drift, utanom justering for vanleg løns og prisvekst. Dei ber også om å få bruka lånemidlar til investeringar på til saman 500 000 kr. (For forklaringar, sjå under)

VEDLIKEHALD OG INVESTERINGAR 2020

I driftsbudsjett for 2019, ligg det berre inne midlar til ordinært vedlikehald – det som kjem til av behov i løpet av året. Kyrkja har mange store vedlikehalds- og investerings-behov som ikkje kan dekkast av desse små summene. Mange av desse tiltaka har vore på ynskjelista til kyrkjestyret i årevis. Verst er det når det er snakk om brannfare og fare for liv og helse. Men det er også dårleg økonomi i å lata bygg forfalla eller at risiko for innbrot er stor.

Trong for vedlikehald og investeringar

Vedlikehald:

På Ådland:

Måling av kyrkja
Reparasjon av tak på bårhuset
Skifte av lås-system
Lakkering av kyrkjegolv

På Haga:

Sikring av rasfarleg fjell
Skifte av lås-system

Investeringar:

På Ådland:

Nytt lydanlegg
Ringjeanlegg for kyrkjeklokkene
Enøk-tiltak – varmepumper
Overrislingsanlegg

På Haga:

Beslag og utskifting av treverk v. 5 vindauga
Utskifting av lysarmatur til LED

(Sjå vedlegg 1 for nærare omtale av tiltaka.)

I samsvar med vedtak i kommunestyret i 2018, vert det søkt om lån i 2019 for å byggja HC-toalett på Ådland, byta brannfarlege termostatar på Haga til nytt straumstyringsanlegg og byta el.-skåp på Ådland med nytt straumstyringsanlegg i 2019. Det er også plan for å søkja om støtte frå KNIF til utvendig brannalarmanlegg til kyrkja på Ådland dette året. Desse tiltaka er difor ikkje teke med på 2020-budsjettet, men må inn att om ikkje søknadene vert stetta.

Fast, større vedlikehaldspott

Kyrkjestyret har to store kyrkjer og tre mindre hus på gravplassen dei har ansvar for. Dei har gjennom fleire år peika på at dei ynskjer ein *årleg større sum på budsjettet til vedlikehald*. Minst 200 000 i tillegg til dei små summene til ordinært vedlikehald, som ligg inne no. (25-30 tusen på kvar kyrkje og 10-15 tusen på gravplassen, dekkar knapt det som kjem til av «akutte behov» i løpet av året: elektrikar, røyrleggjar m.m.) Med ein fast, større sum vil ein lettare kunna planleggja store vedlikehaldsoppgåver. Slik det er no, må ein kvart år be om ekstra midlar for å få gjort store vedlikehaldsoppgåver og det er usikkert kva ein får midlar til å gjera. Det er vanskeleg å få kontinuitet i vedlikehaldsarbeidet under slike tilhøve. Det er heller ikkje etter kyrkjelova sin intensjon at kommunestyret skal prioritera vedlikehald for kyrkja. Det er kyrkjestyret si oppgåve å gjera.

Er det ein større sum lagt inn i ramma til kyrkja, vil det vera meir føreseieleg både for kommunen og for soknet. Då må soknet disponera vedlikehaldsmidlane, slik at me kan få gjort det me har bruk for å gjera innanfor den fastsette ramma. Summen kan øyremerkast vedlikehald.

Så må me peika på at det berre kan takast opp lån til investeringar, ikkje til drift. **Store vedlikehaldsoppgåver**

som måling av kyrkja, kan ikkje lånast pengar til. Sjølv om ein tek eit lån for å få gjort investeringar, vil det vera naudsynt å baka inn i seinare budsjett ein større sum til årleg vedlikehald.

Det var på tale at kommunen ville tilby *tenesteyting* frå teknisk eining til vedlikehald i kyrkjene, men det fekk me beskjed om i 2018, at dei ikkje har kapasitet til no. Dette er eit spørsmål me gjerne vil komma attende til ved eit seinare høve, då me meiner det vil kunna løna seg økonomisk i staden for å kjøpa inn tenester av andre.

Lån til investeringar

I 2018 var det sagt av kommunestyret, at det skulle vurderast at kyrkja skulle ta opp lån til eit etterslep av store vedlikehalds-oppgåver som kan reknast for investeringar.

Det er ein føresetnad at kommunen garanterer for eit lån soknet tek opp. Kyrkjevevja har drøfta dette med økonomisjefen, og etter deira syn er det enklaste at kyrkja søker om å få nytta seg av kommunen sine lånemidlar. Det er arbeidskrevjande å ta opp eigne lån for kyrkja og det er usikkert om ein kan få like bra vilkår som kommunen har til sine lån. I praksis er det kommunen som uansett må dekkja utgiftene, og summane kyrkja treng er så små at det vil gjera liten skilnad på kommunen si lånegjeld. Sidan kommunen er garantist for lånet, vil lånet truleg uansett måtte leggjast til kommunen si lånegjeld/ rapporterast som kommunen si gjeld.

I samråd med økonomisjefen vert det som sak til formannskapsmøtet den 23.05.19, søkt om lånemidlar til investerings-tiltak for 2019 på til saman 700 000 kr.

For å få gjort etterslepet av større vedlikehaldsprosjekt i 2020, vil kyrkjestyret be om at det også vert brukt av lånemidlar for å få utbetra råteskader og leggja beslag på 5 vindauga i kyrkja på Haga, byta lysarmaturen i kyrkjerommet på Haga til LED, montera ringjeanlegg og byta lydanlegg på Ådland. Desse utgiftene vert til saman på 500 000 kr.

ANDRE PREMISSAR FOR BUDSJETTET

Lønsutgifter

Kyrkjestyret har vedteke ein opptrappingsplan for kyrkjevevjestillinga, for at løna skal verta meir på nivå med einingsleiarane i kommunen. Det skal kvart år fram til 2021 plussast på 25 000 kr. Stillinga er no i 100%. Me har også fått ny kontor, som er løna i høgare lønssstige enn den forrige.

Ekstra lønsutgifter for 2020 vert til saman 70 000 kr. i høve til 2019-budsjettet.

TENESTEYTING

Rekneskap, lønn, brøyting

Kommunen tek seg av rekneskapsføring og lønnskøyting for kyrkja. Dei brøyter ved kyrkjene og i 2012 vart kyrkja også tilknytt kommunen si IKT – teneste. Desse tenestene skal synleggjerast i budsjettet som «kalkulerte utgifter ved kommunale tenester», og vart frå 2018 justert opp til 70 000 kr. iflg. kommunestyrevedtak. Det som gjeld snøbrøyting, er no ført på fellesskapitlet for kyrkjer med 10 000 kr. og resten er ført på administrasjon.

Det er kommunen sitt ansvar å dokumentera kva det kostar dei å levera tenestene til kyrkja. (J.f. GKRS- «notat om transaksjoner mellom kommune og kirkesektoren» pkt. 3.3) **Kyrkjestyret vil be om at kommunen leverer ei oversikt over kva midlar som går til kva føremål, når det gjeld tenesteytinga på 70 000 kr. Det må også skrivast ei avtale om kva denne tenesteytinga gjeld.**

Drift av gravplassen

Då kommunen overtok den praktiske drifta på gravplassen i 2012, var det med i avtala at kostnadene skulle synleggjerast i budsjettet som tenesteyting. Dette har ikkje vorte gjort. Kyrkjestyret vil gjera framlegg om at utgiftene kommunen har til gravplassen, vert førd på gravplasskapitlet: 33900.130.043 – «Kalkulerte utgifter ved kommunale tenester» og tilsvarende inntekt på 37900.130.043. Dette inkluderer løn og avg. for tilsette, leige av maskiner, bortkøyting av stein/massar, bossavgift, utstyr, klede og vedlikehald av maskiner. Dette vil ikkje påverka ramma, då summen vert førd både som inntekt og utgift i budsjettet. Det vil heller ikkje påverka tilskotet til andre trussamfunn, då gravplassen er unnateken i utrekninga av desse. **I følgje GKRS- «notat om transaksjoner mellom kommune og kirkesektoren» pkt. 3.3, er det kommunen si plikt å greia ut desse kostnadane, og kyrkjestyret vil igjen be om at det vert gjort.**

GRAVPLASSEN

Endringar i utgiftsføring på gravplassen

På kapitlet for gravplassen var det tidlegare ikkje ført utgifter til administrasjon. Dette vart endra i 2019 etter vedtak i kyrkjestyret. No vert 35% av kyrkjeverjeløna ført ut frå ansvar 130 i budsjettet.

Tiltak på gravplassen

Drift av gravplassen ligg no under teknisk eining i kommunen, men kyrkjestyret har framleis overordna ansvar og tilsyn. Difor vil me peika på ting som treng gjerast der også, sjølv om det ikkje lenger har plass i vårt budsjett.

På den gamle gravplassen er det **felt som fungerer dårleg**. Nokre stader er det mykje vatn, ein kjem truleg ned i grunnvatnet. Andre stader er jordsmonnet for tett, og nedbrytinga dårleg. Det er ikkje lov å grava ned til grunnvatn-nivå. Det er og strenge reglar for korleis ein skal handsama dårleg nedbrotne graver, og desse er vanskelege å handheva hjå oss. Desse tilhøva gjer kyrkjegardsdrifta vanskeleg, og belastninga på dei tilsette kyrkjegardsarbeidarane vert stor.

Kyrkjestyret har no bestemt at eit område skal stengjast for graving grunna vatn. (Urner kan setjast ned). Om her vert grøfta og tilhøva betrar seg, kan det vera råd å setja det i drift att. I tillegg er fredingstida heva til 30 år på eit av felta. (Her ynskjer me å nytta masseutskifting for å betra tilhøva.) Me ynskjer også å låsa ein del graver for gjenbruk, då det er for tett mellom gravene mange stader.

På den nye gravplassen held **skråningane på å siga ut**. No har eit gjerde ramla ned og vassposten er på veg utfor. Desse nettingkleddede skråningane bør erstattast av murar iflg. leiar for teknisk drift. **DET HASTAR!** Det er eit spørsmål om dette kan vera ei klagesak til utbyggjaren. Det må kommunen som stod for utbygginga, vurdere.

Med vårt folketal, skal me til ei kvar tid ha minst 75 disponible graver. Å leggja restriksjonar på den gamle gravplassen, vil difor føra til *auka trong for nye graver*. Kyrkjestyret har bede kommunen om å setja i gang **arbeid med planlegging av utviding av den nye gravplassen** og setja av midlar til dette. Dei rår til at utbygginga vert sett i samanheng med reparasjon av utsigne skråningar på gravplassen. Når det likevel må lagast nye murar, kan dei kanskje plasserast slik at det kan lagast nye gravrekkjer mellom dei gamle skråningane og dei nye murane.

Det er altså trong for fleire kostnadskrevjande tiltak på gravplassen:

- Reparera utsigne skråningar på den nye gravplassen/ laga nye murar utanfor.
- Utvida den nye gravplassen med fleire graver inkl. urnelund og gravplass tilrettelagd for muslimar.
- Grøfta på den gamle gravplassen og i tillegg få lagt alt takvatnet/ nedløpsvatnet frå kyrkja i grøft.

Kyrkjestyret ber om at tiltak på gravplassen vert prioritert i 2020. Dette hastar å få gjort noko med.

Me ynskjer at gravplassen skal vera ryddig og velstelt – ein verdig stad der det skal vera godt å koma for dei som har misst nokon av sine. Me har også plikt på oss til å kunna tilby doble graver til dei som ynskjer det, til å driva lovleg når det gjeld avstandar mellom gravene og til å gjera tilhøva betre for dei som arbeider på gravplassen.

Vedlegg:

Vedlegg 1: *Prioritert liste over vedlikehaldstiltak / investeringar.
Desse er det ikkje rom til å få gjort innanfor driftsramma.*

Vedlegg 2: *Generelle premisser for budsjettarbeid i Samnanger kyrkjestyre.
Lovforankring, todelt drifts-budsjett, budsjettgrunnlag, stillingar m.m.*

Omtale av vedlikeholdstiltak/ investeringar

	Vedlikeholdstiltak	
A 1	Måling av kyrkja på Ådland Kyrkja vart sist måla i 2009. Særleg tårnet er dårleg. Kyrkja vart vaska for sopp i 2016 og mose vart fjerna på taket. Dørane vart måla i sommaren 2018.	200 000
A 2	Reparasjon av taket på bårhuset Byta lekter og papp, og leggja opp att hellene.	35 000
A 3	Skifte av lås-system i kyrkjene. Kyrkja på Haga har svært mange nøklar i bruk, og det er stor sjanse for at nøklar kjem på avvegar. Det er også heile tida trong for å låna ut nøklar til ulike arrangement. Me ynskjer å skifta ut nøklane med elektroniske nøklar, som kan aktiverast og stengjast for bruk. Får me elektroniske nøklar på tre ytterdørar, blender av låsane på dei fem andre, og beheld dei gamle nøklane inne, kan me koma ut av det med 40 tusen pluss montering. Komplettering Ådland: ca. 20 tusen (Same nøkkelsentral)	50 000 + 20 000
A 4	Lakkering /oljing av golv i kyrkja på Ådland Golvet vart sist olja i år 2000	45 000
	Investeringar – spørsmål om lån i 2020	
B 1	Utbetring av roteskader på vindauga på Haga Dei store vindauga har ein konstruksjon som gjer at det vert lekkasje inn med ramma. Tiltak har tidlegare vore gjort, men skadene var alt for store og tiltaka ikkje omfattande nok. No er det rote i konstruksjonen og det er ein stor jobb å byta ut deler av ramma på dei store vindaugs-veggane. Snekkar seier at om ein skal behalda den arkitektløyisinga som er no, må ein laga beslag på alle spilene som dekkar vindauga. Dette er dyrt, men hindrar at det same skjer igjen om nokre år. Prisen kan verta over hundre tusen, og kan gå som investering. (Ventar på pristilbod)	HASTAR 100 000
B 2	Utskifting av lysarmatur i kyrkja på Haga. Meir enn 20 lampar er øydelagde, og armaturen må skiftast. Er forelda, difor må ein skifta heile felt, for at dei skal verka saman med lysstyringa. Pris alt etter kor mange me skiftar ut. Me arbeider også med å få eit tilbod på utskifting av lysrør med led-striper. Det er område i kyrkja det er for mørkt ved arrangement, t.d. leksehjelp for «kompisane». Det er også for lite lys for reinhaldaren.	HMS-tiltak 80- 150 000
B 3	Lydanlegg Ådland Det gamle lydanlegget er dårleg. Me har fått det vurdert av eit firma som driv med lyd i kyrkjer. Ein av kanalane skurrar, høgtalarane er ikkje så gode som dei burde vera og det burde vera to til for å få	105 000

	<p>betre lyd bak i kyrkja. Forsterkaren er for dårleg – det går ikkje an å leggja inn forseinking på lyden slik at lyden som kjem gjennom lufta framifrå, når deg seinare enn den som kjem gjennom høgtalarane. Då vert det grautete lyd lengst bak.</p> <p>Miksepulten har for få kanalar til å kunna ha konsertar med song og elektroniske instrument. Mikrofonane er også dårlege.</p>	
B 4	<p>Ringjeanlegg på Ådland. HMS-tiltak</p> <p>Trappene opp til tårnet er ikkje godkjende for arbeidstakarar å bruka. (For bratte)</p> <p>Det er dessutan berre folk med opplæring i å ringja med tau, som kan vera vikar for kyrkjetenaren. Ved helgedagsringing, jul, nyttår, påske og pinse må dei som ringjer få løn med helgedags-tillegg.</p> <p>Ved eit automatisk ringjeanlegg kan ein ringja, kima, slå bedeslag og opna luker berre ved å trykkja på ein knapp. Det er også fjernstyring for bruk på gravplassen under gravferder. Det vil verta både sikrare og enklare å arbeida som kyrkjetenar med eit slikt anlegg.</p>	150 000
	<p>Investeringar - etter 2020</p>	
C 1	<p>Enøktiltak - Varmepumpe / straumstyring - Ådland kyrkje</p> <p>Det har i fleire omgangar vore søkt om å få setja opp varmpumper i kyrkja på Ådland. Me har til slutt fått godkjend løysing inne, men ute må me plassera pumpa ved kyrkjegardsmuren. Me må då planleggja eit lite hus til å ha pumpa i og få dette godkjend. Det må gravast grøft over vegen til å leggja kablar inn til kyrkja.</p> <p>«Miljø og Ressurs Drift» rår til å nytta fire varmpumper inne og to ute. Då må det søkjast på nytt. Dei anslår 3-400 tusen i kostnad.</p> <p>Godkjenningsinstansen v. bispedøme-kontoret rår til å heller satsa på varevindauga på innsida av vindauga for å hindra varmetap her. Iflg. MRD vil dette ikkje gje dei store innsparingane samanlikna med varmpumper.</p> <p>Kyrkja har rundt 80-90 000 kr i årlege straumutgifter, så det er pengar å spara på enøk-tiltak. Monterer me varmpumpe, vil me i tillegg få betre styring med temperaturen i kyrkja. Det beste vil vera å få montert automatisk straumstyring knytt opp mot kalender. Då vil ein kunna halda låg temperatur normalt, og berre skrua opp varmen når det skal vera arrangement. Dette krev at me først har sett inn varmpumper, men dei gamle omnane vil også vera ein del av oppvarminga på kalde dagar.</p> <p>Me kan spara opp til 62 tusen i året i straumutg. med å gjennomføra 8 tiltak iflg. MRD</p>	500 000- 700 000
C 2	<p>Brannsikring/overrislingsanlegg til kyrkja på Ådland</p> <p>Kommunestyret løyvde i 2011 pengar til å få greidd ut sprinkling av kyrkja på Ådland. Dei brannsikrings-firmaene me var i kontakt med, rådde alle til å nytta vanleg sprinkling i eit bygg med så høgt under taket.</p> <p>Sprinkler Vest a/s gjorde då eit forprosjekt på installering av sprinklaranlegg i kyrkja. Det er eit "tørranlegg" som vert tilrådd her. Dvs. at det ikkje står vatn i røyra når ikkje alarmeren er utløyst. Slik unngår ein problem med frost og lekkasje. Det er ein sentral med ein kompressor som held oppe eit visst trykk på vatnet. Han koplur berre inn av og til, når trykket vert for lavt og kan slåast av under arrangement. Skulle det verta branntillaup i kyrkja, vil det berre verta løyst ut vatn på den staden detektoren seier det brenn.</p> <p>Anlegget krev eit godt vasstrykk. (725 liter/minutt). Dei røyraane Samnanger kommune overtok frå det private vassverket på Ådland, var ikkje store nok til å gje tilstrekkeleg vasstrykk. Det var difor ikkje råd å gjennomføra sprinkling før desse var ordna. <i>Dette er gjort våren 2017.</i> Det må truleg også leggjast ny vassleidning rundt kyrkja. Pris pr. 2011 ca. 2000 kr meteren i kostnad for å leggja ny vassleidning.</p> <p>Før bygget vert sprinkla må det lagast teikningar i "dwg-format" for prosjektering og dokumentering. Riksantikvaren må godkjenna prosjektet.</p> <p>Dei har rekna kostnaden til 1 065 000 eks mva. Men i tillegg må ein rekna:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kostnad til vasstilførsle 	Ca 1 500 000

	<ul style="list-style-type: none"> • Litt ombygging på sakristiet og snikkararbeid for å få tilkomst til ulike loft • Leige av lift / evt. stillas for arbeid under himlingen • Elektrikkararbeid for tilførsle av straum til kompressor, oppkopling av signal / alarmer og frostsikring av vassanlegget frå grunnen til sentralen • Montering av utvendig slokkeanlegg (Tilrådd av riksantikvaren. 40% av kyrkjebrannane er påsette) <p>KA har spesialkompetanse på dette feltet.</p> <p>Dei seier at det også går an å nytta ”vanntåkeanlegg” på kyrkjer, men at dei ulike firmaene då må dokumentera at det verkar på akkurat denne typen bygg, då det er så lite utprøvd enno. Det er montert og godkjend i fleire kyrkjer, men det er få leverandørar til slike anlegg.</p> <p>Eit ”lavtrykk vanntåkeanlegg” har om lag same pris som eit sprinklaranlegg, men ein treng lavare trykk på vatnet. Trykket som skal til for å spruta vatnet ut, vert laga av ei trykkforsterkarpumpe. Anlegget er betre for å hindra overtenning, men dårlegare til å kjøla ned på golvnivå. Små dropar vert svevande rundt i rommet, og kjøler ned lufta mykje betre enn eit sprinklaranlegg, men mindre vatn rekk bakkenivå, for å sløkkja evt. brannar der. Det vert mindre vasskade ved utløyning og vert mindre synlege inngrep i bygget då røyrane er mindre.</p> <p>”Høgtrykk vanntåkeanlegg” gjev den beste sløkkinga i høve til vassmengde. Dei krev heller ikkje høgt vasstrykk for å virka. Trykket vert laga i ein sentral, anten med motor eller v. gass /trykkluft. Dei har i tillegg til å hindra overtenning effektivt også betre evne til å nå bakken, då vatnet vert spruta ut med høgt trykk både i små og i store dropar. Men desse anlegga er dyrare både å installera og driva, og krev høg kompetanse av driftsansvarleg.</p> <p>Kostnaden på eit lavtrykk tåkeanlegg og eit sprinkleranlegg vera om lag lik i flg. KA.</p> <p>Staten gjev lån m. rentekompensasjon til føremålet. KNIF forsikring gjev tilskot. Me vil i tillegg få 80% avslag på forsikringspremien for kyrkja.</p>	
	<p>Tiltak søkt om lånemidlar til i 2019</p>	
<p>D 1</p>	<p style="text-align: right;">BRANNFARE</p> <p>Straumstyring i kyrkja på Haga</p> <p>Dei gamle termostatane held på å verta øydelagde og me har opplevd tre «nesten-brannar», ein med brannutrykking. Me har over 20 termostatar i kyrkja. Me ynskjer å byta ut termostatane med straumstyrings-anlegg. Dette anlegget kan koplatt opp mot kalenderen vår, slik at temperaturen vert regulert etter arrangement og kontortider. Både varmpumpe, golvkablur og konvektor-omnar vil kunna styrast gjennom dette anlegget. Dette vil kunna gje oss vinst i høve til straumsparing. Pris iflg. «Miljø og ressursdrift» som har gjort ei grundig synfaring og plan for oppgradering i høve til enøk i kyrkjene våre.</p>	<p>120-150 000</p>
<p>D 2</p>	<p>Ombygging til handikaptalett i bårhuset.</p> <p style="text-align: right;">LOVPÅLAGD</p> <p>Det er ikkje råd for rullestolbrukarar å nytta dei eksisterande toaletta i bårhuset. Biskopen har pålagt oss å få dette i orden. Planen er å byggja om toalettet i personalbygget, slik at det kan nyttast til HC-toalett under tilstellingar i kyrkja. Det treng også asfalterast på nytt utanfor døra, for å sleppa laga rampe utanfor inngangen. Prisoveslag inkl. nytt toalett, dusjkabinett, vask og ytterdør m. automatisk opning. Røyrleggjararbeid, elektrikkararbeid og asfaltering.</p>	<p>300 000</p>
<p>D 3</p>	<p>Nytt sikrings-skap i kyrkja på Ådland.</p> <p>Det gamle sikrings-skapet er fullt, der er ikkje råd å få plass til fleire kursar. Det er fullt av gamle og nyare system, og er ikkje etter dagens standard. Skal me byta, må me byta heile skapet, for det går ikkje an å festa dei nye systema i det gamle skapet iflg. elektrikar. Varmepumpe eller andre nye installasjonar, kan ikkje setjast i drift, før me har fått dette på plass.</p> <p>El-kontrolløren (2017) ville rå til å skifta skapet, men gav oss ikkje pålegg om det – enno. Utbetringar har vorte gjort etter pålegg.</p> <p>Elektrikar rår til å setja inn nytt straumstyringsanlegg når skåpet vert skifta.</p>	<p>80-100 000</p> <p style="text-align: right;">100- 150 000</p>

	Tiltak planlagd søkt om KNIF-midler til i 2019	
E 1	<p style="text-align: right;">BRANNFARE</p> <p>Montering av utvendig brannalarm ved Ådland kyrkje Det har tidlegare vore sett av midlar til montering av utvendig brannsikring av kyrkja på Ådland. 40% av alle kyrkjebrannar er påsette, og kyrkja på Ådland ligg utsett til ved ein trafikkert veg. Då me søkte om godkjenning for montering av alarman, påla riksantikvaren /bispedømet oss å montera to sløyfer med deteksjonskabel i staden for ei. Prisen vart då tilsvarande høgare, og me hadde ikkje midlar til å få gjort det. Pris 2013: 66 267 eks. mva. Me har vel 10 000 på fond til dette, og 10 000 i støtte frå banken. Me har i 2019 fått beskjed om at me kan søkja KNIF om 50 000 kr i støtte til slike tiltak.</p>	80 000

SAMNANGER KYRKJESTYRE

GENERELLE PREMISAR FOR BUDSJETTARBEID

LOVFORANKRING

Samnanger kyrkjestyre (soknerådet + ein kommunal representant) er fellesråd i Samnanger etter kyrkjelova §14. Kyrkja i Samnanger er eiga forvaltningseining og eigen «juridisk person» på same måten som Samnanger kommune. Kyrkja er på denne måten ikkje ei kommunal eining slik som t.d. skulane. **I fylgje kyrkjelova er det kyrkjestyret si oppgåve å fordela midlar på kyrkjebudsjettet. Kommunestyret skal bestemma kor stor ramma til kyrkja skal vera.**

Kommunen har etter kyrkjelova økonomisk ansvar for drift av kyrkja. Utgiftene er spesifiserte i §15, og skal dekkja: drift og vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardshus, gravplassar, driftsutgifter for fellesråd og sokneråd, utgifter til stillingar for kyrkjetenar, klokkar, organist/kantor og kyrkjeverje, utgifter til administrasjon konfirmasjons-opplæring og kontorhald for prestar. I tillegg skal fellesrådet sitt budsjettframlegg også omfatta utgifter til kyrkjeleg undervisning, diakoni, kyrkjemusikk og andre kyrkjelege tiltak i sokna, seier lova. «Utgiftsdekningen skal gi grunnlag for at det i soknene kan holdes de gudstenester biskopen forordner, at nødvendige kirkelige tenester kan ytes, at arbeidsforholdene for de kirkelig tilsatte er tilfredstillende og at menighetsråd og fellesråd har tilstrekkelig administrativ hjelp.»

Samnanger sokneråd/ Samnanger kyrkjestyre sine oppgåver er gjeve i kyrkjelova §9 og §14.

TODELT DRIFTSBUDSJETT FOR KYRKJA

Kommunen løyver midlar til driftsbudsjett for **Samnanger kyrkjestyre**, (soknerådet som "fellesråd"). Budsjettet er delt opp i administrasjon, kyrkjer, kyrkjegard og anna kyrkjeleg verksemd. Kommunen sitt økonomiske ansvar er definert av kyrkjelova § 15. (Sjå over)

Budsjett for **Samnanger sokneråd**, vert fremja og handsama som eiga sak i soknerådet. Soknerådsdelen er avgrensa til forvaltning av offer, andre innsamla midlar og andre inntekter og utgifter knytt til kyrkjelydsarbeidet. Trusopplæringsarbeidet vert og ført i soknerådsdelen av budsjettet. Dette er finansiert av statstilskot gjennom prostiet og av innsamla midlar. Soknerådsdelen av budsjettet skal ikkje fremjast for kommunen, men er sjølv sagt offentleg. Rekneskapen for soknerådet er også ein del av årsmeldinga frå soknet.

BAKGRUNN / BUDSJETTGRUNNLAG

Kyrkja tek seg av **lovpålagde oppgåver** som gravferder, vigslar og gudstenester. Gravplassen vert driven for alle innbyggjarane i Samnanger, men kyrkja er disponert av DNK. Soknet er også pålagde frå kyrkja sentralt å driva trusopplæringsarbeid, for alle aldersgrupper frå 0-18 år. Sjølv om dette arbeidet for det meste er dekkja av soknerådsbudsjettet, utløyser det større behov for reinhald, meir

administrasjon og høgare kontorutgifter som går over kyrkjestyre-budsjettet.

Når det gjeld gudstenester, er det ein gudstenesteplan som må godkjennast av bispedømekontoret. Me kan ikkje redusera **aktivitetsnivået** lokalt, for å spara midlar.

For kyrkja er det viktig å arbeida vidare med å få på plass ei god **forvaltning** av lovpålagde oppgåver.

Dette gjeld både kyrkje og kyrkjegardsforvaltning, andre administrative oppgåver, gudstenester, andre kyrkjelege handlingar og ansvaret for det kristne arbeidet i kyrkjelyden. Med for knappe stillingsrammer over mange år, slit kontoret enno med å ta igjen etterslep av oppgåver.

«Det er kommunen sitt ansvar å løyve midlar til nødvendig kyrkjeleg administrasjon. Utgangspunktet ved etablering av Den norske kyrkja som eigen forvaltningseining, var at administrative ressursar skulle vera på høgde med anna offentleg forvaltning.» seier KA.

Med denne bakgrunnen, vedtok kyrkjestyret i 2016 ein opptrappingsplan for stillingsstorleik og løn for kyrkjeverja. I 2019 vart stillinga 100%. På sikt meiner kyrkjestyret at løna skal koma meir på nivå med løna til einingsleiarane i kommunen.

Stillingar i Samnanger sokn mai 2019:

Løna av kyrkjestyrebudsjettet:	Kyrkjeverje 100%
	Kantor / organist 50%
	Kyrkjetenar 60%
	Sekretær 50%
	Klokkar 11% (Gjort av frivillige. Løna går til ungdomsarbeid)
Løna av soknerådsbudsjettet:	Ungdomsarbeidar 20%
	Trusopplærer 50%
	Hjelp til trusopplæring – kompiss, matlaging m.m. 20%
Løna av statlege midlar:	Sokneprest 100% stilling – Adm. av prostiet. (Gjer også teneste i Kvam)

Kyrkja har i tillegg over 60 frivillige medarbeidarar som gjer små og store tenester i gudstenester, diakoniarbeid og trusopplæring.

RENTEKOMPENSASJON OG ANNA STØTTE

Det finst midlar i Husbanken øyremerkte vedlikehald av kyrkjer, der ein får **rentekompensasjon**. (Ikkje kvart år) Verneverdige kyrkjer har høg prioritet, men me har også fått slike midlar til kyrkja på Haga tidlegare. Det er kommunen som får midlane og må søkja. Støtta svarar til rentene for eit lån med nedbetaling på 20 år og avdragsfritak i 5 år.

Det går også an å få inntil 50 000 i støtte hos KNIF til brannverntiltak. (Nytt i 2019)

FØRING AV KYRKJELEGE TILSKOT I KOMMUNEN SITT REKNESKAP

https://www.gkrs.no/edokumenter/Notater/notat_regnskapsforing_av_transaksjoner_mellom_kommune_og_kirkesektoren_endret_080610.pdf Sjø pkt. 3.3. :